

Førstegongshandsaming Kommunedelplan for oppvekst, "Alle me(d) - heile vegen"

Framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst og kultur sender framlegg til kommunedelplan for oppvekst «Alle me(d) – heile vegen» på høyring i tråd med plan- og bygningslova § 11-14.

Geir Angeltveit

Tilleggsforslag på vegne av V, FrP, H og V:

1. Utval for oppvekst og kultur sender framlegg til kommunedelplan for oppvekst «Alle me(d) – heile vegen» på høyring i tråd med plan- og bygningslova § 11-14.
2. Utval for Oppvekst og Kultur utvidar høyringsfristen til 20. august. Med handsaming av Kommunedelplanen i utvalsmøtet 1. oktober 2024.
3. Utval for Oppvekst og Kultur ber om at det vert tilrettelagt eit innspelsmøte/folkemøte med fokus på kommunedelplanen, i juni eller august.
4. Utval for Oppvekst og Kultur ber om at ein i bearbeiding av planen gjennomgåande viser til evaluering og relevante tiltaks-, tema- eller handlingsplanar for strategiar kor konkrete verkemiddel vert omtala eller skal bli følgd opp.

Røysting:

Innstillinga frå kommunedirektøren, med tilleggsforslag frå V, FrP, H og Krf, vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Utval for oppvekst og kultur sender framlegg til kommunedelplan for oppvekst «Alle me(d) – heile vegen» på høyring i tråd med plan- og bygningslova § 11-14.
2. Utval for Oppvekst og Kultur utvidar høyringsfristen til 20. august. Med handsaming av Kommunedelplanen i utvalsmøtet 1. oktober 2024.
3. Utval for Oppvekst og Kultur ber om at det vert tilrettelagt eit innspelsmøte/folkemøte med fokus på kommunedelplanen, i juni eller august.
4. Utval for Oppvekst og Kultur ber om at ein i bearbeiding av planen gjennomgåande viser til evaluering og relevante tiltaks-, tema- eller handlingsplanar for strategiar kor konkrete verkemiddel vert omtala eller skal bli følgd opp.

Kommunedirektøren, 22.03.2024

Dokumentliste

X	09.03.2022		Mandat oppvekstreform
S	08.04.2022		Planprogram for Kvalitetsplan for oppvekst og kultur 2022-2030 til høyring
S	08.04.2022		Strategi for arbeid med oppvekstreforma i Stord
X	21.04.2022		Saksprotokoll Planprogram for Kvalitetsplan for oppvekst og kultur 2022-2030 til høyring
S	25.04.2022		Planprogram for Kvalitetsplan for oppvekst og kultur 2022 - 2030 - uttale ungdomsrådet
I	22.04.2022	Bente Brandvik	Korrektur annonse Sunnhordland
U	25.04.2022	Nordbygdo ungdomsskule m.fl.	Planprogram for Kvalitetsplan for oppvekst og kultur 2022-2030, Stord kommune, høyring
X	20.05.2022		Høyring planprogram frivillige lag og organisasjonar
X	06.05.2022		Saksprotokoll Planprogram for Kvalitetsplan for oppvekst og kultur 2022 - 2030 - uttale ungdomsrådet
N	20.05.2022	Siri Marie Erland	Planprogram Kvalitetsplan for oppvekst og kultur 2022-2030. Uttale folkehelsekoordinator/barnerepresentant
I	04.06.2022	Vestland fylkeskommune	Innspel frå avdeling for kultur, idrett og inkludering - Planprogram for kommunedelplan - Kvalitetsplan for oppvekst og kultur 2022-2030 - Stord kommune
S	15.08.2022		Planprogram for Kvalitetsplan for oppvekst og kultur 2022-2030, framlegg med endringar etter høyring
X	23.09.2022		Saksprotokoll frå kommunestyret 22.09.22 - Planprogram for Kvalitetsplan for oppvekst og kultur 2022-2030, framlegg med endringar etter høyring
X	07.11.2022		Planprogram for Kvalitetsplan for oppvekst og kultur 2022-2030
S	27.02.2024		Førstegongshandsaming Kommunedelplan for oppvekst, "Alle me(d) - heile vegen"

[Digital utgåve av forslag til kommunedelplan for oppvekst «Alle me\(d\) – heile vegen».](#)

Innleiing (bakgrunn for saka)

Kommunedelplanen Plan for kvalitetsutvikling 2014 – 2017 er forelda. Kommunestyret vedtok den 25.11.21 i PS 47/2021 årsbudsjett 2022 at det skulle setjast i gong eit stort utviklingsarbeid knytt til oppvekstområdet og samstundes revidera kommunedelplan for oppvekst og utdanning, Plan for kvalitetsutvikling 2014-2017.

I møte den 22.09.2022 vedtok Kommunestyret i PS 13/2022 planprogrammet for kommunedelplanen «Kvalitetsplan for oppvekst og kultur 2022 – 2030».

Planarbeidet følgjer kommunen sin Strategi for brukarmedverknad.

Etter plan- og bygningslova skal Kommunedelplan for oppvekst «Alle me(d) – heile vegen» leggjast ut til offentlig ettersyn før endeleg handsaming i Utval for oppvekst og kultur og Kommunestyret.

Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)

Kommunen har ansvar for at barn og unge har eit godt og inkluderande barnehage og skuletilbod som gir gode rammer for læring og utvikling, samt at andre kommunale

tenestetilbod til barn, unge og familiar er inkluderande, heilskaplege, samordna og koordinerte. Kommunen har og ansvar for at barn og unge har gode kulturtilbod, fritidsarenaer og nærmiljø som fremmar deira trivsel og utvikling.

I forarbeidet til ny kommunedelplan for oppvekst vart det gjennomført eit større utviklingsarbeid, sjå vedlagte strategi for dette arbeidet. Gjennom utviklingsarbeidet er det kartlagt og innhenta informasjon som dannar grunnlag for den nye oppvekstplanen. Det er og henta informasjon frå Ungdata- og Elevundersøkinga.

I planprogrammet heitar planen «Kvalitetsplan for oppvekst og kultur 2022 – 2030». I utarbeiding av planen har prosjektgruppa foreslått å endra namnet til Kommunedelplan for oppvekst, «Alle me(d) – heile vegen». Kultur er tatt ut av tittelen, dette fordi ein eigen kommunedelplan for kultur er under utarbeiding.

Vurdering

Kommunedelplan for oppvekst «Alle me(d) – heile vegen» legg overordna føringar for kommunen sitt arbeid retta mot barn, unge og familiane deira.

Økonomiske og administrative konsekvensar: Økonomiske og administrative konsekvensar av ev tiltak i kommunedelplanen vert vurdert i samband med rullering av budsjett og økonomiplan.

Konsekvensar for berekraftsmåla:

- Planen byggjer på kommunen sine folkehelsemål og måla er innlemma i planen ([folkehelsemål](#)).
- Planen omtalar og har innlemma kommunen sine klima- og miljømål i planen ([klima- /miljømål](#)).

Konsekvensar for beredskap: Einingane som er omtalt i planen har eigne beredskapsplanar.

Konklusjon, alternativ tilråding

Kommunedirektøren rår til at Utval for oppvekst og kultur sender framlegg til kommunedelplan for oppvekst «Alle me(d) – heile vegen» på høyring i tråd med plan- og bygningslova § 11-14.

Frist for merknadar er sett til sju veker etter kunngjering: Fredag 31. mai 2024

Plan for gjennomføring

Kommunedirektøren handsamar innspela og legg fram sak om revidert kommunedelplan for oppvekst «Alle me(d) – heile vegen» til Utval for oppvekst og kultur 27.08.2024.

Utval for oppvekst og kultur gjer si innstilling og revidert Kommunedelplan for oppvekst «Alle me(d) – heile vegen» vert handsama i kommunestyret 26.09.2024.